



Høgare livstidsproduksjon på sauene

Forfatter

Ove Myklebust, Norsk Landbruksrådgiving

Sammendrag

Korleis skal sauebøndene kunne ta ut dei beste saulamma til livdyr og samstundes oppnå høgare livstidsproduksjon på dyra sine?

Publisert

2012

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2012

Utskriftsdato

14.02.2025 www.fag.nsg.no



Målet må være to slaktemodne lam rett frå utmarksbeitet om hausten per sau. (Foto: Arne Flatebø)

Høgare livstidsproduksjon på sauene

Korleis skal sauebøndene kunne ta ut dei beste saulamma til livdyr og samstundes oppnå høgare livstidsproduksjon på dyra sine?

I dag produserer norsk kvit sau (NKS) mest slakt pr. år, men det er pelssauen som har høgast livstidsproduksjon. Talet på fødte lam pr. sau har gått opp dei siste åra, men prosent daufødde lam har òg auka, så gevinsten har vore liten. Landsgjennomsnittstal frå Sauekontrollen viser at % daufødde lam er 4,60. Den beste tredjedelen i kontrollen har 1,36% daufødde lam og den dårlegaste tredjedel har 8,15%.

Utrangering

Det er viktig å få slakta ut dei sauene som har vore sjuke (for eksempel hatt jurbetennelse), hatt problem med tennene, ikkje vil ha lamma sine eller ikkje går i ønska beiteområde.

Er det sauer ein ikkje klarer å få opp i hold om hausten, kan det vere eit teikn på at sauen ikkje er i form og derfor bør slaktast. Det kan bli kostbart med sauer som må ha spesialbehandling.

Er buskapen på meir enn 100 vaksne sauer bør ein tidleg på hausten vurdere å slakta dei sauene som skal utrangerast. Er saueflokken på under 100 vaksne sauer vil ein få så mykje husdyrtilskott om slaktesauene får leve til 1. januar at det kan svare seg å ha

dei til etter denne dato. Har ein plass, fôr og beite bør det likevel vere aktuelt å erstatte «tilskottssauene» med andre vaksne sauer i produksjon.

Medlemsskap i Sauekontrollen løner seg

Når ein skal ta ut dei beste livlamma er det ein stor fordel og vere med i Sauekontrollen. Er ein med der har ein som regel god oversikt over buskapen sin. Tal viser at dei som er med i Sauekontrollen i gjennomsnitt har 1,5 kg høgare slaktevekt på lamma sine og oppnår ein slaktekvalitet som ligg ein klasse over det dei som ikkje er med i kontrollen klarer. Medlemmer i Sauekontrollen hadde t.d. siste året 17% meir stjernelam enn dei



som ikkje var med i kontrollen. Fører ein Sauekontrollen sjølv på web betalar ein i dag ei årleg avgift på 700 kroner, så medlemskap i Sauekontrollen er noko som vil svare seg for dei fleste bønder.

Dei som er med i Sauekontrollen får utrekna indekser på dyra sine. Livlamma bør rekrutterast blant dei med høgast O-indeks. Men ein bør òg sjå på morsevneindeksen, der er det lagt ekstra vekt på fruktbarheit og levendevekt på lamma om hausten.

Har lamma høg O-indeks vil det seie at dei er frå god slekt som har produsert godt, og lamma har gode føresetnader for å bli gode avlsdyr. Vårvekt på lamma er òg godt å ha når ein tek ut livlamma. Veks lamma om våren meir enn gjennomsnittet i flokken, er det eit teikn på at mora mjølkar godt. Vi må her ta omsyn til talet på lam ein sau har og kor gamal sauen er.

Uttak av livlam

Livlamma kan ein i utgangspunktet plukke ut med bakgrunn i data frå Sauekontrollen. Vi bør i tillegg vurdera eksteriøret til lamma - som godkjent, ikkje godkjent. Men husk at eksteriøret vil variere med alderen på lamma, og ikkje minst med holdet. Det er meir viktig å kontrollere beina. Livlamma

bør ikkje vere for låge og heller ikkje for kortvokste. Marispenar er ein ulempe, så det er ein fordel med berre to spenar. Har lamma bra med ull som held 1. klasse? Er kjeften i orden? Kjem lammet frå ei slekt utan skavankar og der dyra har stått i produksjon i mange år? Ikkje set på lam som stadig har hatt laus avføring.

Sats på lam i frå saueslekter som får 2 og 3 lam. Unngå og setje på lam frå slekter som får einstaka lam og frå sauer med meir enn 3 lam.

Fruktbarhet

Kva som er ønska lammetal vil variere frå sauebonde til sauebonde. Har bonden lite tid til overs om våren kan det vere mest gunstig at alle småfeå får 2 lam kvar. Andre bønder har tid og ressursar til å ta seg av meir lam og kan derfor leggja opp til eit høgare lammetal. Ved høgt lammetal kan ein rekna med høgare inntekt pr. vinterføra sau - frå både kjøt og ull. Husk at slakte-tilskottet er på 185 kroner pr. lam, og det er verd å ta med seg. I tillegg vil ein få meir beitetilskott med eit høgt lammetal.

Vi veit at sauer som får mange fødte lam har lettare for å få jurbetennelse. Ein må òg rekna med meir fødselsvanskar hjå sauer med mange foster. Desse sauene vil òg krevje ekstra

kraftfôr både til fostertilvekst og mjølkeproduksjon.

Dei fleste sauebønder ønskjer å para lamma, og dette er noko som vil svare seg for dei fleste.

Hos sauerasar der det er vanleg å para lamma, med unntak av sjeviot, har høgare livstidsproduksjon enn om dei blir para første gong som gimmer. Sauer som er para som lam blir også ofte betre mjølkesauer.

Minstevekt

Påsettlam av norsk kvit sau bør ha ei levendevekt på over 40 kg ved paring. Tilveksten på haustbeite kan vere moderat, ca. 200 gram per dag. Blir påsettlamma for feite før paringa startar vil det kunne gå ut over fruktbarheita. Eit mål må vere at åringane får 2 fødte lam og at dei lammar i same tidsrommet som dei vaksne sauene.

Dei fleste set inn livlamma ca. 1 måned før paringa tar til. Ved innsett bør dei snyltarbehandlast og vaksinerast mot blant anna pulpanyre, viss dette ikkje er blitt utført tidligare på hausten. Ein bør klyppa livlamma ved innsett. Klyppinga kan gjere at dei lettare kjem i brunst.

Det er òg anbefalt å byrja gradvis med kraftfôr for så å auka mengda opp til 0,5 kg pr. dyr og dag ved paringa. Har ein godt grovfôr kan ein gjere mindre med kraftfôr. Det er viktig at påsettlamma kvar dag et opp grovføret dei får. Eit måltid høy og eit måltid silo er svært gunstig, men høy kan det dei fleste plassar vere mangel på. Husk tilgang på reint vatn og sjå til at dei klarer å finna seg drikke.

Eigne bingar for påsettlamma

Påsettlamma må ikkje stå i same bingje som dei vaksne sauene. Dei vil då bli taparane i kampen om føret i desse bingane. Det kan vere aktuelt å skilja påsettlamma i 2 bingar, alt etter storleik og hold.

For å få påsettlamma til å vise brunst kan det vere aktuelt å gå med ein vaksen vêr hjå dei i 5 dagar, frå 15 dagar før planlagt paring. Det kan òg vere aktuelt å la vêr gå i bingane der påsettlamma skal vere etter innsett.

Ein del sauehaldarar har så gode beiteforhold at dei kan la påsettlamma gå ute på beite under paringa. Dei må i så fall vaksinerast og snyltarbehandlast på vanleg måte. I tillegg bør både hale og ulla bak på låra klyppast. Ein kan



Påsettlamma skal ha eigen bingje. Dersom dei går saman med dei vaksne sauene blir dei taparar i kampen om føret. (Foto: Arne Flatebø)

anbefale at dei i tida rundt paring får 0,3 kg kraftfôr.

Har ein hatt problem med store foster hjå åringane av norsk kvit sau kan ein med fordel velja vèr frå ein lettare rase, f.eks. spæl- eller pelsvèr. Ein må då slakta desse avkomma om hausten. Dei beste påsettlamma bør ein inseminere med gode indeksvèrar.

Stell av gimrar

Gimrar vil fortsetja å mjølka utover hausten så lenge dei går med lam. Når ein tar bort lamma frå mora er det viktig å ta i frå begge på same tid. Gimrane må avsinast på ein skånsam måte. Dette gjer ein greiast med å setja dei inn i ca. 3 dagar og sjekka jura før dei blir sleppte ut att. Passar det inn i driftsopplegget på garden, er det ein fordel at gimrane blir klypte dei dagane dei står inne.

Gimrar som har hatt lam og som har mjølka godt er ofte tynne (holdgruppe 1 til 2). Desse gimrane bør gå på gode beite frå dei sluttar å mjølka og fram til dei skal parast. I tillegg til å auka holdet skal dei òg vekse. Husk at gimrane ikkje er ferdig utvaksne og bør derfor ikkje gå i lag med dei vaksne sauene.

14 dagar før planlagt paringsstart er det ein fordel å setja inn gimrane på innefòring. Dei bør då snyltarbehandlast og klyppast dersom dette ikkje er utført tidligare. Kraftfòrtildelinga bør aukast gradvis opp til 0,5 kg pr. døgn.

Gimrar med best indeks er aktuelle å ta ut til inseminering. Med rett kombinasjon sau/vèr, kan ein få både gode saulam for påsett og vèrlam som kan kårast og brukast i buskapen. Det kan også vere aktuelt å kjøpa inn ein ung vèr som har gått i vèring. Men husk at det er ein viss smittefare ved innkjøp av livdyr.

Stell av vaksne sauer

Vaksne sauer som er i godt hold i september, når ein tar lamma frå dei, kan over på beite av mindre god kvalitet. Det gjer ikkje noko om feite sauer tar av i hold utover i september og førstninga av oktober. Ta avføringsprøvar for å finna ut kva type og mengde innvendige snyltarar ein har.

14 dagar før planlagt paringsstart må ein bestemma seg for om dyra skal stå inne, gå inn og ut, eller berre gå ute. Har sauene ein del snyltarar er det ein fordel om dei blir behandla. Skal dei stå inne må dei òg klyppast.

Går sauene ute med ulla på bør både hale og ulla bak på låra klyppast. Flokkane kan delast i grupper på 30 til 50 dyr. Sauer med høg indeks, og som ein tidligare år har hatt god erfaring med å inseminere, er aktuelle å ta ut til inseminering.

Går sauene på gode beite kan dei klare seg utan både grovfòr og kraftfòr og likevel få passe med lam. Sauer ein har tenkt å utrangere neste år kan gå for seg sjølve i lag med ein kjøtvèr. Her kan ein, om ein har høve til det, byrja paringa tidligare enn i resten av saueflokken. Desse vil då kunne bli sleppte ut tidlig om våren og både sauer og lam kan bli slakta i juni, juli og august.

Kåra eller avkomsgranska vèr

I paringstida må som regel sauene ha tilgang til grovfòr i tillegg til beite. Det er få plassar i landet vi kan seia det er gode beite på den tida sauene skal parast.

Bruk kåra eller avkomsgranska vèr. Det er ein god investering. Å få tak i ein vèr fordi den er bra å sjå på kan vere ei dårlig investering.

Vèrar som går med ei gruppe sauer bør skiftast ut etter 20 dagar. Om vèren er kåra eller avkomsgranska er ingen garanti for at sæden er i orden.

Sauer som er i brunst den dagen ein slepper vèren bør takast frå flokken og bedekkast på neste brunst. Blir sauer

bedekt seint i brunsten, kan det føre til at berre eitt egg blir befrukta og sauen får eitt lam til våren.

Mikrobane treng omstillingstid

I dei fleste distrikt er det ein fordel å setja inn dei vaksne sauene 14 dagar før ein har planlagt å starte paringa. Det går ca. 14 dagar før vommikrobane har blitt vant med nytt fòr og fullt ut kan nyttiggjere seg dette. Rett kraftfòrmengde kan vere 0,2 til 0,3 kg pr. dyr og dag. Får sauene godt grovfòr etter appetitt kan det bli passeleg med lam til våren utan bruk av kraftfòr i paringa.

Også dei vaksne sauene bør behandlast mot snyltarar. Det blir òg mindre snyltarpress med å ha sauene inne. Fuktig miljø er heller ikkje bra med tanke på fotråtesmitte. Blir det frost med fint vær på vinteren kan sauene gå ute. Mosjon er som kjent bra for både folk og dyr. God plass i bingane er òg bra for dyra. Husk å sjekke at dyra får godt og nok vatn. Gje dykk tid til å observere dyra for å sjå korleis dei har det.

Når våren kjem får vi svar på om bonden og vèrane har gjort ein god jobb om hausten. Under 3% tomme sauer og eit lammetal på over 2 lam i snitt må vere eit mål.

*Av Ove Myklebust,
Norsk landbruksrådgiving*

Norges største og beste utvalg av dyrehengere



Jyfa dyrehenger for traktor



Bateson traktorhenger, leveres i en og to etg.



Bateson Bilhenger m/ demonterbart dyreskap i 2 etg.



Bateson Bilhenger til sau/ gris/ storfe og hest

MYHRES maskinomsetning AS

3158 Andebu – Tlf 33 44 00 76

www.myhresmaskin.no